

«De som stemte på KrF ved forrige stortingsvalg oppfattet to år senere at KrF har en politikk som ligger nærmere Arbeiderpartiet enn Høyre.» **Kronikk side 18**



Får kutt: Landbruksdepartementet vil kutte i tilskøta til henting av mjølk på gardsbruka rundt om i landet. Det bør Stortinget avvise.

FOTO: MARIANN TVETE

Ingen slutt på mjølkekrigen

KOMMENTAR

Hilde
Lysengen
Havro



hilde.havro@nationen.no

Isamband med jordbruksoppgjøret skal Stortinget diskutere endringar i den såkalla Prisuutjamningsordninga for mjølk, heretter kalla PU-ordninga. Det er uklårt.

Saman med Tine si plikt til å hente mjølk hos bøndene utgjør PU-ordninga dei viktigaste instrumenta for å oppretthalde ein desentralisert mjølkproduksjon.

Sidan meierimonopolet vart oppheva har det tidvis vore høgt lydnivå i debatten om konkurranse i meierisektoren, og også om PU-ordninga. Tidvis vertkar det som at ordninga skal løyse all verdas problem innanfor norsk meierisektor.

Føremåla med ordninga er mange. Det er lett å miste det viktigaste av synne: Sikre bønder over heile landet lik pris for mjølk uavhengig av kva mjølkla kjem frå og kva ho blir brukt til.

Førløparen til dagens ordning - Riksoppgjøret for mjølk - kom i stand i

1942. Bakgrunnen var at det hadde utvikla seg store skilnader i prisen bøndene kunne ta. Bønder nær marknaden kunne levere fersk mjølk, og få ein høgare pris, medan bønder langt unna marknaden fekk dårlegare betalt for mjølkla.

Riksoppgjøret skulle utjamne pris-skilnadane mellom bøndene og mellom meieria og annan industri. Det vart lagt avgifter på ferske meieriprodukt, som skulle finansiere lagringsprodukt som ost og smør. Det er framleis i dag ein grunnmilar i ordninga. Avgifta på drikke mjølkla er med på å halde prisen på kvitosten nede for oss forbrukarane.

Anslagsvis har ordninga i seg sjølv bidrege til at bonden kan få 70-75 øre meir for ein liter mjølk.

I dag har PU-ordninga utvikla seg til å bli eit sinnrøkt system som fordeleer vel 1,5 milliardar kroner kvart år. Inntektene frå avgift på drikke mjølk og yoghurt blir kanalisert til mellom anna osteproduksjon, henting av mjølk hos bøndene, eksportstøtte til Jarlsberg (enn så lenge) og tilskot som skal gjera det lettare for Tine sin konkurranse på nettopp konkurranse med Tine.

Det er prinsipielt beklageleg at eitt av tiltaka Landbruksdepartementet foreslår er å kutte frakttilskøtet Tine og Q-meieriene får for å hente mjølkla i alle krlkar og kroker av landet. I dag får selskapa dekt 95 prosent av utgiftene. Departementet foreslår

Oppsummert

Føremålet

1 PU-ordninga skal sikre mjølkla uavhengig av kvar dei er i landet.

Meir konkurranse?

2 I tillegg skal særskilte tilskot sikre at selskap som Synnøve Finden og Q-meieriene enklare kan konkurrere med Tine.

Utfordringa

3 Dessverre har Landbruksdepartementet komme med forhastade konklusjonar, mange har i praksis har lita støtte.

TIL RETTEN

«Skal ein fyrst spekulere kan det vera interessant å dra fram søksmålet Synnøve Finden har tatt ut mot staten.»

å redusere tilskøtet til 80 prosent. I denne omgang.

I sitt høyringssvar i mars slutta Konkurransetilsynet seg til framlegget. Dei meiner kuttet vil gjera Q-meieriene og Tine meir effektive i henting av mjølk på gardsbruka. Då er det grunn til å lure på om tilsynet verkeleg veit korleis landet ser ut.

I mitt heimdistrikt Valdres, for å ta eit døme, hentar Q-meieriene og Tine mjølk frå bønder langt oppe i åsane, gjerne på svingete og humpete grusveggar, og mange av bøndene ligg langt under gjennomsnittleg produksjon for eit norsk mjølkebruk. Q-meieriene køyer ein bil frå Gausdal tre gonger i veka for å hente mjølk frå sine leverandørar i Valdres. Det er vanskeleg å sjå korleis henting av mjølk kan gjeras meir effektivt. Anna enn å leggje ned små mjølkebruk langt unna meieria, sjølv sagt.

Dei andre større endringane departementet gjer er å fjerne avgifta på yoghurt. Det er bra. Når importen av yoghurt dei siste åra har auka kraftig, kan avgifta opplevast som ein særleg «straffeskatt» for norsk yoghurt. Departementet vil også byrje nedtrapping av eksportstøtta til Jarlsberg-osten for det strengt tatt er nødvendig med kutt.

Det er god grunn til å lure på kvifor Landbruksdepartementet legg fram endringane no. PU-ordninga har strengt tala ingenting med jordbruksoppgjøret å gjera, og Synnøve

Finden og Q-meieriene er heller ikkje partar i jordbruksoppgjøret.

Stortinget etterlyste i mars 2015 tiltak for å betre konkurransen i meierisektoren. Landbruksdepartementet har varsla at ein gjennomgang av marknadsordningane, og då medrekna prisutjamning for mjølk, vil koma i samband med den nye landbruksmeldinga, som kanskje kjem til hausten.

Så kvifor no? Er det for å svara på utfordringa frå Stortinget, så har departementet mislukkast. Verken Synnøve Finden eller Q-meieriene ser ut til å vera særleg lukkelege over framlegga frå departementet. Deira store, overordna krav - ein heilheitleg gjennomgang av korleis mjølkeprisen blir utrekna - er ikkje departementet i nærleiken av å gjera noko med.

Skal ein fyrst spekulere kan det vera interessant å dra fram søksmålet Synnøve Finden har tatt ut mot staten. Synnøve Finden ville ha garantiar for at dei kan få same distribusjonstilskøtet som Q-meieriene får for flytande meieriprodukt. Staten sa nei, og Synnøve Finden gjekk rettens veg. Å gi distribusjonstilskot til alle kan føre til at rettsaka aldri blir noko av.

Med det heiderlege umtaket å kutte yoghurtavgifta kjem departementet med feil svar på spørsmål ingen har stilt.

Hilde Lysengen Havro er kommentator i Nationen